

Klima- og miljødepartementet

Arkivsakid- doknr:	17/27-4	Saksh:	Gunnhild Sandvin	Arkivkode	Dato: 31.03.2017
Journalpostid:	17/1850	Telefon:	53 67 35 37	K2 - K01	

Uttale til endring av forskrift for bruk av vannscooter

Utval for motorferdsel - 17/003:

Det er fatta følgjande vedtak i saka:

Eidfjord kommune går imot forslaget om å oppheva forskrift om vannscooter. Dette vert grunngeve med;

- Forslaget medfører kostnader for kommunane for å regulera bruk av vannscooter.
- Forslaget medfører auka lokal forureining i form av støy, uroing av friluftsliv og naturmiljø og utslepp av CO2.

Med venleg helsing
Eidfjord kommune

Gunnhild Sandvin
møtesekretær

Kopi til arkiv og kopibok



EIDFJORD KOMMUNE

Arkiv: K2 - K01
Arkivsak ID: 17/27 - 3
Journalpost ID: 2017000763
Saksh.: Elnan, Gunnar
Dato: 08.03.2017

SAKSGANG

Utvalg	Møtedato	Saknr
Utval for motorferdsel	23.03.2017	17/003

Uttale til endring av forskrift for bruk av vannscooter

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Eidfjord kommune går imot forslaget om å oppheva forskrift om vannscooter. Dette vert grunngeve med;

- Forslaget medfører kostnader for kommunane for å regulera bruk av vannscooter.
- Forslaget medfører auka lokal forureining i form av støy, uroing av friluftsliv og naturmiljø og utslepp av CO₂.

23.03.2017 - Utval for motorferdsel

Røysting:

Samrøystes vedteke.

UMO - 17/003 - Vedtak:

Eidfjord kommune går imot forslaget om å oppheva forskrift om vannscooter. Dette vert grunngeve med;

- Forslaget medfører kostnader for kommunane for å regulera bruk av vannscooter.
- Forslaget medfører auka lokal forureining i form av støy, uroing av friluftsliv og naturmiljø og utslepp av CO₂.

Desse har uttalt seg i saka:

Ingen

Særutskrift skal sendast til: Klima- og miljødepartementet

Endeleg avgjerd i: motorferdselutvalet

Saka gjeld:

Klima- og miljødepartementet har sendt på høyring forslag om oppheving av forskrift om vannscooter. Utdrag av høyringsbrevet er teke inn under der det i kort tekst vert vist til kommunane sine moglegheiter til regulering dersom dette er ynskjeleg.

Gjeldande forskrift regulerer bruk av vannscooter ved at det er forbode å køyra innanfor ei sone på 400m frå land i sjø og 500m i vassdrag. For transport ut til grensa skal transport skje med maksimalt 5 knops fart. Forslaget til oppheving av forskrift er i hovudsak grunngjeve i at forskrifta medfører forskjellshandsaming i forhold til tradisjonelle båtar.

Klima- og miljødepartementet har sendt på høyring forslag om oppheving av forskrift om vannscooter. Utdrag av høyringsbrevet er teke inn under der det i kort tekst vert vist til kommunane sine moglegheiter til regulering dersom dette er ynskjeleg.

Gjeldande forskrift regulerer bruk av vannscooter ved at det er forbode å køyra innanfor ei sone på 400m frå land i sjø og 500m i vassdrag. For transport ut til grensa skal transport skje med maksimalt 5 knops fart. Forslaget til oppheving av forskrift er i hovudsak grunngjeve i at forskrifta medfører forskjellshandsaming i forhold til tradisjonelle båtar.

- Kommunene har hjemmel i [motorferdselloven](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1977-06-10-82) (<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1977-06-10-82>) til å fastsette lokale forskrifter om bruk av vannscootere i vassdrag og innsjøer der det ikke allerede er forbudt i medhold av loven.
- Kommunene har i [den sentrale fartsforskriften](https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2009-12-15-1546) (<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2009-12-15-1546>) hjemmel til å gi lokale forskrifter med fartsgrenser. Slike forskrifter vil gjelde alle fartøy og kan ikke forskjellsbehandle vannscootere. Den sentrale fartsforskriften har også generelle krav om aktsomhet, sikkerhet og hensyn til badende.
- Kommunene har hjemmel i [havne- og farvannsloven](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2009-04-17-19) (<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2009-04-17-19>) til å begrense bruk av alle fartøy, herunder fritidsfartøy, i deler av eller hele farvannet av hensyn til fremkommelighet, trygg ferdsel og forsvarlig bruk, herunder av hensyn til friluftsliv og miljø.

Høringsfristen er 23. mars 2017.

Økonomiske konsekvensar:

Ser ikkje konsekvensar for kommunen med dagens ordning. Vert forskrifta oppheva medfører dette at kommunen aktivt må laga lokal forskrift eller regulera areala i sjø. Dette vil krevja ressursar frå kommunen.

Utleige av kajakk er eit populært tilbod i Eidfjord. Mange av dei som nyttar dette tilbodet gjer det for å koma nær inn på naturen og å kunna oppleva ro langs stranda.

Juridiske konsekvensar:

Generelt er ein kvar pliktig å gjera seg kjent med dei reglar som gjeld, det vera seg fiske, køyring med vannscooter eller bilkøyring... I praksis vil det vera enklare å retta seg etter reglar som er like og gjeldande for heile landet. Den spesielt interesserte vil kunna oppsøkjja område som er tilrettelagt og setje seg inn i regelverket som gjeld.

Miljømessige konsekvensar:

Det synest rimeleg at det er brukarane av vannscooter som skal dokumentera at bruken ikkje har varige negative verknader for menneske og miljø. Ein vannscooter kan oppnå ein fart på over 200 km/t for dei største og sterkaste, meir «folkemodellar» har toppfart på om lag 100 km/t. Med så høge hastigheiter nær til land kan vannscooter representera fare for badande og dyreliv i sjø. Vidare vil køyring nær til land kunne vera forstyrrende med støy og vera skremmande.

Sentrale myndigheiter legg til grunn klimamål kor reduksjon av bruk av fossilt brennstoff er eit sentralt verkemedel. Det synest i eit slikt perspektiv å vera feil å leggja til rette for meir bruk av køyretøy som ikkje har rein nytteverdi.

Personalmessige konsekvensar:

Ingen kjende.

Konsekvensar for folkehelse:

Anna fysisk aktivitet som symjing, padling mm. vil kunna bli negativt påverka.

Geir Underhaug
rådmann

sakshandsamar